

01 MARS 2025
ÅRGANG 58

KYRKJEBLAD FOR ARNA OG YTRE ARNA

Kyrkjebladet

Påskehelsing frå biskopen 3

- Eit fantastisk fellesskap 4

På gudsteneste i Gulni 8

*Eg vil gje dykk
framtid og von*
Jer. 29.11b



DEN NORSKE KYRKJA

Utgjevar: Arna og Ytre Arna kyrkjelydar

Redaktør: Møyfrid N. Opheim
Redaksjonen: Ingvar Fløysvik, Tor O. Holmefjord, Jorunn Haukås, Erik Rodal,

Design: Ruth Sofie Steinsland
Trykk: Unigrafisk AS
Opplag: 5700
Foto framside: Erik Rodal

Neste utgåve: 22.aug
Materiellfrist: 9. juli

Arna kyrkjekontor
Lakslia 21 (Arna Kyrkjelydshus)
Tlf: 55 36 22 70
Kontortid: tysdag, torsdag og fredag
kl 10-15

Tilsette og kontaktinfo

Dagleg leiar Arna og Ytre Arna
Marianne W. Fanebust
arna.menighet@kirken.no
ytre.arna.kyrkjelyd@kyrkja.no

Arna kyrkjelyd

Facebook: Arna kyrkjelyd
Heimeside: kyrkja.no/arna

Soknerådsteiar: Torill Vik Johannessen
Sokneprest: Roar Moen, rm263@kyrkja.no,
tlf: 957 95 324

Kapellan: Gina Marie Reisæther-Thu
gr693@kyrkja.no

Kantor: Olav Arne Steinkopf,
os377@kyrkja.no

Kateket: Cathrine Snipsøyr
cs262@kyrkja.no, tlf: 920 71 840

Kateket: Gro Eman, ge427@kyrkja.no

Ytre Arna Kyrkjelyd

Open kyrkje onsdagar kl. 11.30-13.00
Facebook: Ytre Arna kyrkjelyd
Heimeside: kyrkja.no/ytrearna
Soknerådsteiar: Jorunn Haukås

Sokneprest: Ingvar Fløysvik
if952@kyrkja.no, tlf: 916 06 626

Organist: Jørn Skaug, js234@kyrkja.no

Trusopplærar: Marianne Hjortland,
mh798@kyrkja.no

Kyrkjetenar i Arna og Ytre Arna:
Monica Ohr, mo886@kyrkja.no,
tlf 412 04 198

Ungdomsdiakon 13-20, Arna og Ytre Arna:
Maria Aasheim Grosås mg647@kyrkja.no,
tlf 413 60 923

Styrar i Noa og Sakkeus open barnehage:
Møyfrid N. Opheim, sakkeusopenbhg@
outlook.com

Vil du gje ei gåve?

Arna Kyrkje
Konto: 1506.60.81157
Vipps: 11237

Ytre Arna Kyrkje
Konto: 5081.08.12726
Vipps: 12191



Tankar om tru

Her er det plass til deg

Har du nokon gong følt at det ikkje er plass til deg? At her høyrer ikkje eg til. Dette er nokon andre sin plass. Alle stolane er opptekne, og det er ingen ledig stol til meg. Kanskje er det også nokon som har sagt det til deg? Eller kanskje du til og med har vore ein av dei som har sagt det til andre, kva veit eg.

Eg trur vi kan kjenna oss igjen i dette. Utanforskap og tilhøyrsløse er sårbare saker. Sjølv har eg erfart å verta nekta plass ved nattverdsbordet som barn – eg var heldigvis så lita at eg ikkje skjønna så mykje av det, og eg har ikkje tatt store skadar av det.

Men det er ikkje alle som har våga å koma tilbake til kyrkja, til nattverdsbordet, eller andre stader, etter ei vond oppleving.

Men då er eg redd at vi gløymer noko heilt sentralt. For kven var det som sat til bords saman med Jesus? Det var tollarar, fiskarar, han som var skråsikker på si tru, og han som først og fremst tvilte. Og der var han som skulle selja Jesus for 30 sølvpenngar.

Jesus inviterte ikkje inn dei som fekk til alt – han inviterte vanlege menneske. Og han inviterer deg og meg. Du er velkommen.

PALMESØNDAG

*Så tok du hjertet mitt
like etter måltidet
takket
velsignet det og sa
dette er mitt hjerte
som skal banke og brenne
for alle som ikke trodde
det var plass til dem
rundt bordet her
kom for alt er ferdig
kom for det er her du hører hjemme
(gjør det så ofte som du bruker det
til minne om meg)*

- Trygve Skaug



Gina Marie Reisæther-Thu

Når kyrkjeklokkene ringer påskehøgtida inn påskeaftan, vitnar dei om at kyrkjesusa er berarar av historie og kontinuitet i bygdene og byane våre. Til saman dannar dei ei lenke som bind oss til kvarandre. Det er som dei syng oss saman.

I vårt bispedøme er vi medvitne om ei tusenårig historie med lag på lag av menneskets tru og tilbeding. Steinane og veggane i kyrkjesusa er levande fordi dei har teke imot smerte og lidning, glede, kjærleik og sorg frå dei som har vore her før oss. Dei speglar gudslengt og gudsnærvær.

Det paradoksale er at dei også gjev rom for å synleggjere gudsfråvær.

Det sterkaste symbolet i kyrkjerommet vil alltid vere krossen. Symbolinnhaldet i krossen er fleirtydig. Den er eit dødsinstrument. Den er teiknet på oppstoda, og den er uttrykk for sameininga mellom Gud og menneske i Jesus Kristus. Krossen, slik vi kjenner den, vil alltid vere knytt saman med påskens bodskap: Jesu lidingssoge, hans død og oppstoda.

I påskeforteljinga sine dramatiske døgn er det også ei tid då

verda ikkje har nokon Gud. Frelsaren er i denne timen død. I kyrkjekunsten kjem det til uttrykk i motivet som skildrar korleis Jesu døde kropp vert teken ned frå krossen. Eit likklede vert strekt mellom krossarmene. Mannen som sa at han var Gud, viser seg å vere av kjøt og blod som resten av oss. Og sjølv om vi som ser motivet også veit at berre om nokre få dagar, på påskemorgon, skal kristne over heile verda jublande synge

treng det i vår del av verda, vi treng det over heile verda. Vi treng det no! For verda er råka av krefter som vil vondt. Det er vanskeleg å ta inn over seg den mengda av frykt og død vi ser omkring oss, nær oss og langt borte. Framfor denne påskehøgtida kjenner vi det igjen, og vi må ta det inn over oss.

I påsken feirer vi at lyset vinn over mørket. Og at vi skal få

Den tomme krossen

«Kristus er oppstaden», er det som om vi enno ei tid må leve med eit opent spørsmål utan eit sjølvstøtt svar. – Kva vil skje med oss? Kan verkeleg livet sigre over døden?

Verdas angst og menneskets oppleving av det meningslause, av gudsfråværet, må også ha sin stad. For viss vi ikkje torer å setje ord på at det er slik, kan vi heller ikkje tale truverdig om at Gud som lir og døyr langfredag, også deler alle menneskes langfredagar. Og at oppstoda si glede og livskraft ein dag skal bli alle menneskes glede og livskraft.

Vi treng bodskapen om håpet og om den tomme grava. Vi

leve i det lyset. Det er ikkje lovnad om eit liv der alt er godt og smerte ikkje skal vere. Livet har lært oss at dagane kan vere mørke og sorga kjennast som ei klo i bringa som aldri slepp taket.

Men dei kreftene Jesus tek oppgjer med i gravkammerets rom, dei skal ikkje ta overhand. Dei skal ikkje sigre.

For Livet og Håpet er sterkare!

*Døden må vike for
Gudsrikets krefter!
Livet er gjemt i
et jordekket frø.
Se, i oppstandelsens
tegn skal vi leve.
Se, i oppstandelsens lys
skal vi dø.*

(Svein Ellingsen,
Norsk salmebok nr 209)

TEKST: RAGNHILD JEPSEN
FOTO: BJØRGVIN BISPEDØMEKONTOR

Biskop Ragnhild Jepsen kjem på 1. mai-gudstenesta i Ytre Arna!

Gudstenesta er kl. 11.00.
Barne- og ungdoms koret
Non Stop singing blir med.



Tilgjeving og takk

Eg går i kyrkja fordi eg har behov for tilgjeving og behov for å takke Gud for alt eg har fått, fortel pensjonerte lærar Kjell Ytrearne (79).



I kyrkja har eg møtt eit fantastisk fellesskap som eg ikkje finn andre stader, seier Kjell Ytrearne

Han seier at han får mykje ut av å gå i kyrkja, men at tilgjeving og takk er det primære for han.

Kjell Ytrearne har vore fast kyrkjegjengar sidan 2012. Ein laurdag ettermiddag det året fekk han ein telefon frå fastlegen sin. Han måtte komme på legekantoret same dag. Den vikarierende legen var nølande, og Kjell Ytrearne måtte dra orda ut av han. Til slutt spurde han direkte: - Er det kreft? Ja, svarta legen, det er kreft med spreiding.

- Eg gjekk heim full av angst og uro. Eg bad til Gud og sa: Kjære Jesus. Du har gitt meg livet, og du kan ta det tilbake når det er mi tid. Dette gav meg ei fantastisk religiøs oppleving. Det var som om uro



Eg gler meg over livet, og kyrkjelyden er blitt som ein familie for meg, seier Kjell Ytrearne.

og angst rann av meg. Det berre forsvann frå kroppen. Eg var førebudd på å dø. Men eg forstod at eg ikkje skulle dø. I staden fekk eg Guds fred. Eg ba til Gud om å få vere ein reiskap for hans rike.

- Etter den opplevinga har eg gått jamleg i kyrkja. Før det var eg berre innom kyrkja ved dåp, bryllaup og gravferder. I barneåra gjekk eg på søndagsskule av eige initiativ. Far min spurde kvifor eg gjekk der. Det er kjekt, svarta eg då.

Ein månad etter at han fekk diagnosen av fastlegen, møtte Ytrearne opp på onkologisk avdeling på Haukeland sjukehus. Der fortalde dei at han ville få fire gode år igjen å leve. Eg kunne vere fysisk aktiv og var med i Arna sykkelklubb.

No er det gått åtte år sidan dei fire åra du fekk i 2012 er omme. Korleis ser du på det?

- For det første ser eg det som ei gåve frå Jesus. Og for det andre ser eg det slik at jobben min ikkje er ferdig. Eg ber Gud om å få oppgåver. Eg kan vere til hjelp for menneske som har det vanskeleg. Det kan vere å gå på besøk til personar som er i livets slutfase. Eg ser det ikkje slik at eg skal omvende nokon, men hjelpe. Folk takkar for den hjelpa eg har gjeve dei.

Ei av dei faste oppgåvene han har, er å lage middag til ein av sønene og hans familie ein dag i veka.

- Eg er blitt ganske god til å lage mat! Barnebarna spør meg gjerne: Korleis er det å vere kristen, bestefar? Eg er glad og lukkeleg, og eg syng lovsongar i bilen når eg køyrer

heim etter ein slik dag med matlaging i familien, seier Kjell.

Kjell Ytrearne har to søner og seks barnebarn i alderen 16-23 år. Kona hans, Sølvi, døyde 2. juledag i 1977. Det skjedde etter 1 ½ års kamp mot kreften. Dei to sønene deira var då 3 og 5 år gamle. Det var vanskeleg å fortelja dei at mora skulle dø.

- Vi hadde flytta inn i nytt hus i Teigane i 1974. Den dagen ho døyde, sat eg og heldt henne i handa og ba til Gud om at han måtte ta vel imot Sølvi. Så gret vi saman i ein time. Vi var då 32 år gamle begge to.

Kjell Ytrearne er alltid i godt humør, sjølv om han har sine helsemessige utfordringar. Mellom dei er ein øydelagt rygg som han no får behandling for. Ledda i ryggstøyla er ikkje runde, men ovale.

Eg er blitt glad i kyrkja. Der har eg møtt eit fantastisk fellesskap som eg ikkje finn andre stader. Når kyrkjelokkene, ringjer takkar eg Gud for alt eg har fått, og ber om tilgjeving. Eg liker å synge, og i kyrkja er det iblant song av barnekor og av eit fantastisk kyrkjekor for Arna og Ytre Arna!

Eg gler meg over dei herlege lappane til Margit Hollekve når ho er med på kyrkjekaffien. Eg gler meg over livet, og kyrkjelyden er blitt som ein familie for meg, sier Kjell Ytrearne..

TEKST OG FOTO: AUDUN STØLÅS



Har vi mangla noko i Arna lenge? Ja. Har vi endeleg fått svar på våre ynskjer om eit ungdomsarbeid? Ja! Velkomen til Ung Tru, der vi får la våre idear kome til livet. Men kva er egentleg Ung Tru (UT)?

Ung Tru er eit heilt nytt ungdomsarbeid i Arna kyrkje, drive av ungdomar! Vi har ein sjef sjølvsagt, prest Gina Marie, som hjelper oss med å få dette opp og gå. Vi har møte der vi planlegg for UT-samlingane. Vi vel tema. Til dømes har vi hatt val, kjærleik og Harry Potter. Så om du er ungdom over 13 år, er du hjarteleg velkomen!

No startar eg med å forklare kva Ung Tru er for noko. Annankvar laurdag har vi ei samling der alle ungdomar over 13 er velkomne. Ein gong i mnd har vi ei liten gudsteneste i kyrkja fyrst, kl.19, der vi blant anna syng lovsongar og høyrer på ei preike frå presten. Så går vi bort til kyrkjelydshuset og har det egentleg skikkeleg gøy saman, der vi set på musikk, spelar spel og heng. Vi har tennisbord, og led lys ved kiosken der vi kan kjøpe all mogleg snacks, drikke og t-skjorter. Du kan bli medlem, då kan du få kioskrabattar også!

15. februar var temaet kjærleik, då hadde vi speed-date og kjærleiksdrikkar. Vi pynta bord, og sette dei

i ein sirkel. Dei som var på innsida av sirkelen med bord, måtte bevege seg frå bord til bord kvart 5. minutt, medan dei som sat på utsida, skulle berre sitje i ro. På den måten fekk alle snakke litt med dei fleste. Det er slike ting vi må planleggje og gjere i stand på planleggingsmøta, som vi prøver å ha når det passar for alle. Då møttest vi i kyrkjelydshuset og får komme med idear om kva vi vil gjere. Det er her Gina Marie kjem inn i biletet. Ho hjelper oss å få dette ut frå planlegginga og inn til ei UT-samling. Dei neste UT-samlingane er 12. april, då har vi påsketema, og 14. juni, der vi skal ha «Grill en prest». Det håpar eg ikkje er bokstaveleg talt. Første UT-møte over sumaren er laurdag 23.august.

Men du lurar sikkert på korleis Ung Tru blei til? Ja, det kan eg fortelje deg. Det heile byrja med ungdomar som var lei av å ikkje ha noko å gjere på fritida. Heilt til ein dag vi fekk ein prest som ville gjere noko med all denne fritida til desse ungdomane. Ho samla ei gruppe frivillige ungdomar for å hjelpe ho med dette. Dei brukte heile hausten på å tenkje og kome med forslag. Når det var gjort, byrja

dei å sette all tenkinga saman, og dei kom fram til Ung Tru! Då vart det berre å utføre det.

Noko av det eg elsker mest med dette ungdomsarbeidet, er miljøet. Menneska eg har blitt kjent med allereie, er alle saman nydelege personar som har gitt meg så mykje glede! Det er så mange grunnar til å kome på UT, men ein av dei høgaste på lista er fellesskapet. Det er ikkje alle som kan svare ja eller nei når nokon spør om dei er kristne. Det spør vi ikkje deg om, då kan du berre kome som du er, anten svaret er ja, nei eller «eg veit ikkje».

Ser vi deg på neste Ung Tru-samling? Eg håpar det. Og som blir nemnt 365 gonger i Bibelen, «*Ver ikkje redd*» for å kome til Ung Tru, sjølv om det kan vere skummelt å møte nye menneske, men eg lover deg at du blir tatt godt imot. Og om du er for vaksen for å vere med fysisk, så kan du vere med oss gjennom Instagram eller TikTok, der vi heiter *Ung.Tru_arna* på begge plattformene.

TEKST: THILDE MÆLAND ONARHEIM
FOTO: TORILL JOHANNESSEN

Har du lyst å bli konfirmert i Ytre Arna kyrkje?

Du er eller blir 14 år no i 2025. Då er du velkommen til å melde deg på konfirmantopplegget i Ytre Arna. Eg veit ikkje kva forhold du har til kyrkja og kristen tru. Kanskje har dette vore ein naturleg og viktig del av livet heilt frå du var bitte liten. Eller kan henda har du ein del gode minne frå Ving og Torsdagsklubben eller andre kristne tilbod for born, men er elles lite granne på sidelinja? Det kan òg vera at du først og fremst har høyrte om kristendomen i KRLE-undervisninga på skulen og kanskje har litt vanskar med å skilja kva som høyrer til her, og kva som gjeld jødedomen eller islam. Uansett kan konfirmantåret bli ei fin tid der du lærer meir om kristen tru og får oppleva i praksis kva kyrkja er.

Konfirmantopplegget begynner i månadsskiftet august-september, og du blir konfirmert anten 26. april eller 3. mai 2026. I Ytre Arna bruker me eit opplegg som heiter Tentro. Det er laga av PinseUng, men me har fått lov å tilpassa det til vår bruk. Me samlast annankvar onsdag frå september til april, syng kan henda litt saman, får høyra om det som er emnet

for kvelden, har kan henda gruppearbeid, ein quiz, ein leik eller noko slikt, og så et me saman til slutt - alt er unnagjort på om lag halvannen time. Du kjem òg til å delta på nokre gudstenester i kyrkja. Siste helga i oktober dreg me på konfirmanthelg til Gullbotn konferansesenter. Det kan du glede deg til!

Alle som er døypte medlemmer av Den norske kyrkja, fødte i 2011 og folkeregistrerte i Ytre Arna, får i byrjinga av mai brev med registrerings skjema. Her får du òg fleire detaljar om konfirmantåret. Viss du ikkje er døypt, dersom du er medlem av eit anna kyrkjesamfunn, eller om du bur utanfor Ytre Arna sokn, men ønskjer å bli konfirmert i Ytre Arna, tek du kontakt med presten, Ingvar Fløysvik, anten på tlf. 916 06 626 eller e-post if952@kyrkja.no, så sender me skjema til deg òg. Skjemaet vil òg liggja på nettsida vår, kyrkja.no/ytrearna. Bruker du PC, finn du «Konfirmasjon» over hovudbiletet, går du inn på sida via mobil, trykkjer du på menytrekane over biletet for å få det fram.



Kjekt på konfirmantleir! Foto: Ingvar Fløysvik

Konfirmasjonar i Ytre Arna 2025

Sundag 27. april kl. 11.00

Sebastian Johan Bjørnestad
Fekri Robiel Gebrehiwet
Hiab Robiel Gebrehiwet
Sesen Robiel Gebrehiwet
Håkon Risholm Heldal
Aksel Svoldal Helleve
Tobias Kvamsdal
Lena Nordvik
Tristan Eide Simonsen

Sundag 4. mai kl. 11.00

Eline Haga Blomdal
Julie Blomdal-Haukaas
Helena Isabell Knudsen Fitje
Liana Labarca Fjellvard
Ingrid Brattabø Helleve
Susanne Sjøholm-Kaastad
Sedina Reigstad Stephansen
Eira Sofie Svor
Rikke Bjørke Tveit

Ung Tru - Kommande datoer:

29.mars – Kiosk
12.april – Påsketema og kiosk
10.mai – Kiosk
24.mai – Kiosk
14.juni – Grill en prest og sumaravslutning
23.august – Første samling etter sumaren



Ein del av kyrkjelyden utafor kyrkja

Besøk i Gulni menighet, Bangladesh

Det er 27 år sidan soknerådet i Arna bestemte seg for å ha kontakt med Gulni menighet i Sylhet, Bangladesh. I februar 1997 var soknerådsformannen den gongen, Ove Skjoldal, og undertekna til stades saman med presten deira, Michael Marak, og skreiv under ein avtale om gjensidig bønnekontakt «Arna-Gulni». Avtalen var at vi skulle be for kvarandre. Arna hjalp også til med litt midlar slik at dei fekk reist seg eit kyrkjebygg.

Etter 1997 har det vore sporadiske besøk frå Arna til Gulni, bl.a. kyrkjeinnviing i 2007, to besøk av grupper frå Arna i 2009, og undertekna har saman med fleire frå Arna besøkt menigheten der frå tid til anna. Ein gong hadde Svein Inge Myhr og eg alpha-undervisning for dei. Nå var det lenge sidan me hadde hatt kontakt. Derfor var eg spent på korleis det ville vera å møta dei att. Fredag 8. november var det guds-

teneste. Fredag er fridagen deira, muslimske land har ofte fredag som helgedag. Og Gulni hadde stelt til fest. Baldakin over gardsplassen, benkar og stolar var sett fram, og etter te og kake som velkomst var det mottaking i kyrkja med blomar og så gudsteneste. Det var også kome gjester frå andre menigheter omkring. Dei unge dansa og song, og det var fest og glede. Eg hadde med helsing frå Arna, og delte også Guds ord.




Velkomst med te og kaker



Jensi og mannen, han var kokk denne dagen



Frå gudstenesta i kyrkja



I det gudstenesta nærma seg slutten, kom dei fram med ein gut, ca. 16 år, han var ikkje kristen, men budde nær ved. Han trong forbøn for sjukdom og var komen til kyrkja av den grunn. Etter forbøn for han vart gudstenesta avslutta og alle samla seg til middagsmåltid. Dei fortalde at fleire venta på «legekonsultasjon» og forbøn, og etter middag hadde vi ein bolk med undersøkelse for nokon og forbøn for alle. Veldig naturleg for dei å samlast til bøn når nokon er sjuke. Her har vi mykje å læra.

Det er fint å kjenna kor glade dei er for fellesskapet med Arna, og glade for besøk. Eg vart imponert over det flotte barne- og ungdomsengasjementet med song og dans i kyrkja, og mange av dei unge hadde gått og gjekk på DTS

(Disippeltreningskule gjennom Ungdom i Oppdrag). Jensi, svigerdotter i eitt av husa, hadde stått for opplæring av borna. Sist vi var der, i 2016, var ho nett gifta hit til denne plassen. Nå leia ho ei gruppe i landsbyen, flest ikkje-kristne, med leseopplæring og bibelopplæring. Gruppa samlast 3 gonger i veka, 15 deltakarar. Det var «Opne dører» som stod bak dette arbeidet og støtta henne.

Det som var godt å høyra, var at mange av dei som før var born i menigheten, nå hadde fått seg utdanning og jobb, og ikkje minst at mange hadde gått og nokre gjekk på DTS. Det vitna om at dei hadde fått trua med seg vidare i livet og vart utrusta til vidare liv med Gud og teneste i Guds rike. Det er urolege tider i landet nå. Nyleg var

det revolusjon med ein statsminister som flykta til India, og nå har Hæren styringa. Kva blir framtida? Meir islamittiske forhold? Meir demokrati? Og kva skjer med all korrupsjonen?

Men det var godt å sjå vekst og utvikling i menigheten som me har hatt med i våre bønner gjennom mange år. Dei treng framleis forbøn, nett slik også me gjer og får, når dei samlast til sine gudstenester. Be om vidare vekst i menigheten, at dei må få forkynnarar til samlingane sine, og at fleire i landsbyen/te-plantasjen må opna seg for evangeliet.

TEKST OG FOTO: OTTAR HOPE



Avskjed: Takk for besøket og velkomen tilbake!



Faste aktivitetar:

Ytre Arna Ving for born i 1.-4. klasse. Møtestad er Ytre Arna bedehus annankvar torsdag kl. 18.00-19.15. Vi startar med ein andakt, deretter aktivitetar som kjøkken, hobby, sløyd mm. Pris: 150 kr per år. Kontakt: Jørgen Bernes, tlf. 902 66 033.

Torsdagsklubben, for deg i 5. klasse og oppover! Dei held til i Ytre Arna bedehus, annankvar torsdag frå kl.18-20. Leiar er Oddhild Blindheim. Ta kontakt på oddhild87@gmail.com for meir informasjon.

Klubben for funksjonshemma møtest onsdagar kl 17.30-19.30 i Arna kyrkjelydshus. Vi spelar brettspel, har hobbyaktivitetar, filmkveldar, kveldsmåltid og eit ord for kvelden. Klubb-gudsteneste i kyrkja 9. april og 14. mai kl 18.30. Denne er open for alle. Klubben har plass til fleire! Kontakt leiar Frida Runge for meir info, fridarunge@gmail.com

Møteplassen i Ytre Arna kyrkjelydshus - Ytre Arna kyrkje og Ytre Arna sanitetsforening inviterer til uformelt føremiddagstreff ein måndag i månaden. Stikk innom for ein prat og kaffi/te og litt å bite i. Ta gjerne med eit hånarbeid. Datoar i vår: 19. mai og 16. juni kl 12-14.

Middag for små & store i Ytre Arna kyrkjelydshus desse onsdagane kl 14-17: 23. april og 21. mai. Kom når det passar! Mat og aktivitet er gratis.

Grautlaurdag for alle generasjonar i Arna kyrkjelydshus: 29. mars, 31. mai kl 12-15. (Utgår i april pga kultur dagar) Gratis kafe med graut, saft og kaffi. Leik og aktivitetar for barna. Alt er gratis.

Arna familiekor er ein møtestad for barn i følgje med vaksne. Hotdogs, saft og kaffi frå kl 16.30. Song og leik kl 17-17.30. Familiekoeret øver i Arna kyrkjelydshus annankvar tysdag i oddetalsveker.



Sirkustelt til Arna!

Visste du at kyrkjer og bedehus i Arna skal setje opp eit stort sirkustelt? Dette skjer i september, veke 38!

Då kjem Viggo Klausen med team med konseptet «Velkommen hjem». Dei vil presentere Jesus for familiar som sjeldan eller aldri høyrer om han i kvardagen, på ein trygg, enkel og kreativ måte.

Han vil utfordre familiar til å invitere Jesus til sine heimar, og viser på ein enkel og konk-

Open barnehage

Open barnehage er eit tilbod til deg som er heime med små barn på dagtid. Her kan du komme saman med barnet og ta del i ulike aktivitetar. Vi har leikar og aktivitetar til alle aldersgrupper, også dei aller minste. Ta med matpakke om du vil ete lunsj med oss. Barnehagane har stengt i skulen sine feriar.

Noa open barnehage har ope tysdag kl 9-14.30, onsdag kl 9-14.30 og torsdag kl 9-14.00 i kyrkjelydshuset i Ytre Arna.

Sakkeus open barnehage har ope måndagar kl 9-15 i kyrkjelydshuset i Indre Arna.

ret måte korleis det kan sjå ut i kvardagen. Difor har dei kalla aksjonen «Velkommen hjem». Les meir på velkommenhjem.org

Felles gudsteneste 4.mai
Vi håpar mange tek turen til tverrkyrkjeleg gudsteneste 4. mai kl.11 i Arna kyrkje. Her vil Viggo ha ei gudsteneste lik familiesamlingane som skal vere i sirkusteltet.

Arr.: Tverrkyrkjeleg Arna

Følg med på Facebook-sidene til Noa open barnehage og Sakkeus open barnehage for nærare informasjon.

Begge stader er det trivelege leikeplassar som òg kan nyttast utanom opningstidene våre.



I Ytre Arna kyrkje, laurdag 10. mai kl 14.00

Alle barn i Ytre Arna som er fødte i 2022, er inviterte til ei koseleg samling med song, forteljing og enkel servering. Me får høyre om sauene Krølle som gjekk seg bort, og alle får leite etter eit lite koselam som dei får ta med heim. Me håpar òg å få helse på eit ekte lam utanfor kyrkja.

Påmelding: Send SMS til til trusopplærar Marianne på tlf.: 99005676 innan onsdag 7. mai.



Foto: Tor-Oddvar Holmefjord

Ytre Arna kyrkjelydshus - Vedlikehald og rehabilitering

Ytre Arna kyrkjelydshus huser mange aktivitetar for born, unge og eldre. Huset er frå 1908 og treng mykje vedlikehald og oppussing i åra som kjem. Det er Ytre Arna kyrkjelyd som eig huset, og det er ikkje nok pengar til alt arbeidet som trengst. Vil du vere med på å ta vare på huset?!

Det er oppretta ei innsamling på spleis.no for kyrkjelydshuset. Den finn du ved å gå til spleis.no og søkje på Ytre Arna kyrkjelydshus eller 418044. Målet med innsamlinga er å få inn kr 50.000 innan 30. juni. Alle pengane som vert samla inn, går til arbeidet med kyrkjelydshuset.

Tur til Lindås kyrkje

Søndag 15. juni ber me kyrkjelyden i Ytre Arna med på tur til Lindås kyrkje. Kyrkja er ei trekyrkje som er bygd i 1865.

Me tek del på gudstenesta og får litt informasjon om kyrkja. Etterpå kan me ta ein tur i kyrkjeparken og sjå på skulpturar av personar som har vore viktige for Lindåsbygda. Mellom dei er dikteren Aslaug Låstad Lygre og kunstnaren Katharina Saltnes. Det vert høve til å kjøpa middag.

Påmelding til Jorunn Haukås, mobil 99511259, innan 6.juni.

Sommar-konsert med YA Non Stop Singing

Onsdag 18. juni kl 18 i Ytre Arna kyrkje.

Alle er hjarteleg velkomne!

Revheim Gravferdshjelp

Gravferder og bisettelser på Osterøy og omegn

Tlf 56393030

revheim@grhjelp.no

revheimgravferdshjelp.no



Fleire NRK-gudstenester frå Arna kyrkje!

29.04 kl 11.00:

PåskeJazzmesse direktesendt på NRK

Det vert svingande rytmar og leikande improvisasjonar med profesjonelle jazzmusikarar denne søndagen. Ein av dei er trompetisten Ørjan Hammer Vollvik, eit unikum på sitt instrument. I tillegg til eminente musikarar med bakgrunn frå jazzlina ved Griegakademiet i Bergen, medverkar dyktige forsongarar og solistar. Kantor Olav Arne Steinkopf er kapellmeister, og Gina Marie Reisæter-Thu er liturg.



Foto: Liv Berit Kallekleiv



Foto: Odd Mehus

08.06 kl 11.00

Pinsedag - Fellesøkumenisk NRK-gudsteneste

Norges kristne råd, korps og lovsongsband. Gudstenesta er ved sokneprest Roar Moen og kantor Olav Arne Steinkopf med fleire.

Velkommen til å delta i fellesskapen! Om du kjem i kyrkja: kom i god tid, seinast kl. 10.45. Ser du gudstenesta frå di eiga stove, kan det vere fint å finne fram eit lys du kan tenne undervegs i gudstenesta.

Påskefest 2025 går av stabelen mellom 6. til 27. april i alle kyrkjene i Bergen. Gjennom desse vekene blir du invitert med på eit breitt spekter av konsertar, gudstenester, utstillingar og musikalske opplevingar - frå barokkmusikk og klassiske pasjonsverk til jazzkonsertar og nyskriven musikk. Fleire av arrangementa er gratis, andre har billettsalg, og det er noko for ein kvar smak og alder. Les meir på www.paskefest.no.

PÅSKEFEST 2025



Årlig har vi 150 konsertar, kulturarrangement og gudstjenester i kirkens viktigste høytid!

www.paskefest.no

Påskefest er støttet av Bergen kommune

DEN NORSKE KIRKE
Kirken i Bergen



Orgelresitasjon i Arna kyrkje langfredag kl. 10.30

Kantor i Arna kyrkje, Olav Arne Steinkopf, presenterer orgelmusikk av Bach, Mendelsohn og Hovland. Dette er ein kort orgelkonsert med musikk som passar til dagens spesielle karakter. Konserten er med og set an tonen til langfredagens gudsteneste, som tek til kl. 11.00. Det er gratis inngang.

Arr.: Arna sokn

Kulturkafé på Klubben 30. april kl.1730-1930 i Arna kyrkjelydshus

Dans ved Arnaringen. Kafe med kaffi og vaflar.

Arr.: Arna sokn / Klubben for funksjonshemma



STO JESUS EGENTLIG OPP?
SE MINISERIE PÅ OPPSTANDELSEN.NO

Etter fleire NRK-gudstenester i Arna og konfirmantundervisning i Ytre Arna, er Thor Haavik eit kjent ansikt i kyrkjene våre. No kan du finne ut meir om Påsken med Thor!

- Stod Jesus faktisk opp frå dei døde, eller hadde han ein tvillingbror som lurte alle?

Thor Haavik har i samarbeid med Tro & Medier, TV Inter og Den norske kyrkja laga en miniserie i tre delar. Du finn den her: <https://troogmedier.no/oppstandelsen>

Foto: Kjetil Fyllingen. Bilete og link delt etter avtale.

Er hodet ditt fullt

med 

Ring eller skriv. 22 40 00 40
Vi er her. Alltid. soschat.no



Visste du...

- at alteret skal vere høgare enn eit vanleg bord? Det skal vere både nattverdbord, altså eit måltidsbord, og samstundes skal det vere Jesu «kiste». Det skal vere til minne om det offeret Jesus den gongen gav oss med døden som konsekvens.



Påskequiz

1. Kva heiter dagen då Jesus vaska føtene til læresveinane sine?
2. Det er herre ein stad at jula kjem før påsken. Kor er det?
3. Kva heiter hagen der Jesus bad før han vart teken til fange?
4. Kor tungt er verdas (til no) største sjokolade-påskeegg?
5. Når er "den stille veka"?
6. Kor mange sølvpenngar fekk Judas for å svikte Jesus?

1. Skjærtorsdag, 2. I allrahøtet, 3. Getsemane-hagen, 4. 7.200 kilo, 5. Veka mellom palmesøndag og påskeafta, 6. 30 sølvpenngar. Kjelder: Bibelen, Guinnessworldrecords.com

Konsert i Ytre Arna kyrkje:

Filmmusikk med Chris Lund

- kjende songar frå filmverda

Fredag 2. mai kl 18.00 - Gratis inngang

Arr.: Ytre Arna kyrkjelyd

Lokalt kyrkjeblad og lokale støttespelarar

Sokneråda i Arna og Ytre Arna rettar ei stor takk til alle verksemdene som har sagt ja til å finansiera design og trykk av det heilt lokale Kyrkjebladet med tre årlege utgåver.

Vi er på lag - til beste for Arna!

For Arna sokneråd: Torill Vik Johannessen
For Ytre Arna sokneråd: Jorunn Haukås



Ditt lokale verksted



Stamneshagen Auto AS

Ytre Arna Tlf. 55247724 sthauto@online.no

For mer informasjon og bilder: Hjemmeside: <http://www.stamneshagenauto.no>
Facebook: [Stamneshagen Auto AS](#)
Kontaktpersoner eldre biler: Terje Angeltveit eller Gudmund Stamneshagen

**BYGGMESTER
JOSTEIN GARNES AS**



**Murmester
Sigurd Djonne AS**

www.sigurd-djonne.no.no
Tlf. 55 24 21 16
Følg oss på facebook 

*Boliger
i mur*



ARNA
gravferdsbyrå

Lakslia 14 (Borgstova), 5261 Indre Arna.
tlf: **55 24 08 08** (24t). arna-gravferdsbyraa.no



**ODDVAR
BJELDE**

Tlf. 55 53 55 20 | oddvarbjelde.no




NorEngros

K.J. Brusdal AS

M. VATLE & SØNN AS

AUT. RØRLEGGERFIRMA
Etab. 1946



Bodegadrift

drift og utleie av eiendom

Vil du være med som frivillig?

Driften av fangeleiren avhenger av frivillige. Ta kontakt hvis du vil vite mer om arbeidet. 2011evf@gmail.com, tlf. 45872399



**Espeland Fangeleir
Venneforening**



**ARNA
glass as**



Natur

“For det skapte venter med lengsel på at Guds barn skal åpenbares i herlighet... for også det skapte skal bli frigjort fra slaveriet under forgjengeligheten og få den frihet som Guds barn skal eie i herligheten.”

Rom. kap 8 v.19+21

Jesu seier over døden gjelder ikke bare mennesker. Også sommerfuglene og alt det skapte venter på den dag døden ikke skal være mer.



Foto: Erik Rodal

Velkommen til
BASAR
i kyrkjelydshuset i
Indre Arna 18. oktober.
Inntektene går til drift og vedlikehold av kyrkjelydshuset.



**Slekters
gang**

Arna

Døpte:

Julia Sjursen
Leah Victoria Sunde-Lyssand
Noah Øyjordsbakken Myklebust
Ulrik Åsheim Minde
Marcus Paasche Høisæter
Ulrik Hanstveit Skjetne
Sverre Hugaas Kolltveit
Leonard Blomdal Garvik
Thea Sørebo Lohne
Emilie Sørebo Lohne
Teo Larsen Pedersen
Tea Larsen Pedersen
Olivia Sandvik Rolland
Magnus Åsheim Hole
Melody Wågane-Ellingsen
Johann Webert Holm
Iris Isabelle Eriksen Sandven
Emmylou Engelsen Simmenes
Herman Midttun Røen
Chantel Marie Akinyi Stien
Theodor Nelson Bjørndal
Oleander Tveit Bech
Oliver Støyva Haugland
Birk Åsheim Fanebust
Selma Kvamme Chan

Geir Arne Magnussen
Hanne-Marie Johannsen
Aud Margrethe Unneland
Karsten Odvard Saltskaar
Ingolf Johan Olsen
Signe Leitet
Aud Herland
Oddbjørg Teigland
Tordis Olina Nævdal
Målfrid Mathilde Bruvik
Berit Haldis Bøe
Martha Karin Borge
Karstein Dalaker
Jørgen-Kristoffer Sohlberg
Helge Bjørndal
Sverre Haugsvær
Liv Gunhild Schønning

Ytre Arna

Døpte:

Oliver Sætre Lian
Ulrik Helle Tengs

Døde:

Anton Taranger
Rudolfo Mar Velasquez
Valencia
Ester Marta Haugland
Arne Birger Nævdal
Elen-Marie Paulsen

Døde:

Egil Ytrearne
Roy Normann Næss
Malmfrid Johanna Kalland
Kåre Pettersen



Foto: Unsplash/Federico-Tasin

Gudstenestekalender



Her finn du oversikt over gudstenester i Arna og Ytre Arna kyrkjer – med atterhald om endringar. Det er takkoffer og nattverd nesten kvar gong og dåp i nokre gudstenester. Påmelding til dåp skjer via heimesida til kyrkja, der ligg det oversikt over ledige datoar. Sjå www.kyrkja.no/arna eller www.kyrkja.no/ytrearna. Dersom du ikkje finn noko som passar, kan du ta kontakt med ein av sokneprestane, så finn me ei løysing.

Arna: Roar Moen, Mobil: 957 95 324. Ytre Arna: Ingvar Fløysvik, Mobil: 916 06 626

09.04.

Onsdag e. 4. sun. i fastetida

Arna kyrkje kl. 18.30:
Gudsteneste for alle.
Reisæter-Thu.

12.04.

Laurdag f. palmesundag

Arna kyrkje kl. 19.30:
Ung tru. Reisæter-Thu.

13.04.

Palmes. Joh 12,1-13

Arna kyrkje kl. 17:
Gudsteneste for store og små. Reisæter-Thu.

17.04.

Skjærtorsdag. Joh 13,1-17

Ytre Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Fløysvik.

18.04.

Langfredag.

Joh 18,1-19,42

Arna kyrkje kl. 11:
Gudst. Reisæter-Thu.

19.04.

Påskenenatt. Mark 16,1-8

Arna kyrkje kl. 23:
Gudsteneste. Moen/
Reisæter-Thu.

20.03.

Påskedag. Joh 20,1-10

Arna kyrkje kl. 11:
Høgtidsgudst. Moen.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Høgtidsgudsteneste.
Fløysvik.

27.04.

2. søndag i påsketida.

Joh 20,24-31

Arna kyrkje kl. 11:
NRK-Gudsteneste.
Moen, Reisæter-Thu.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Konfirmasjon. Fløysvik.
YA vokal.

01.05.

1. mai. Matt 20,25-28

Ytre Arna kyrkje kl. 11:
Gudst. Jepsen. Fløysvik.
Non Stop Singing.

04.05.

3. s. i påsketida.

Mark 6,30-44

Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Moen.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Konfirmasjon. Fløysvik.
YA vokal.

11.05.

4. s. i påsketida.

Joh 14,1-11

Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste for små
og store. Moen.

14.05.

Onsdag e. 4. sun. i påsketida

Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste for alle.
Reisæter-Thu.

17.05.

Grunnlovsdag.

Luk 17,11-19

Arna kyrkje kl. 11.30:
Gudst. Reisæter-Thu

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Nasjonaldagsgudstenest.
Fløysvik.

25.05.

6. søndag i påsketida.

Matt 6,7-13

Arna kyrkje kl. 11:
Gudst. Reisæter-Thu.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste for små og
store. Fløysvik. Non Stop
Singing.

29.05.

Kristi himmelferdsdag.

Joh 17,1-5

Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Fløysvik.

01.06.

Sundag før pinse.

Joh 16,12-15

Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste for små
og store. Moen.

08.06.

Pinsedag. Joh 14,23-29

Arna kyrkje kl. 11:
NRK-gudsteneste.
Høgtidsgudst. Moen.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Høgtidsgudsteneste.
Fløysvik.

14.06.

Laurdag e. pinse

Arna kyrkje kl. 19.30:
Ung tru. Reisæter-Thu.

15.06.

Treeiningss. Luk 24,45-48

Arna kyrkje kl. 17:
Gudst. Reisæter-Thu.

22.06.

2. s. i treeiningstida.

Joh 3,1-13

Ytre Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Moen

29.06.

3. s. i treeiningstida.

Mark 10,13-16

Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Reisæter-Thu.

06.07.

4. s. i treeiningstida.

Matt 9,35-38

Arna kyrkje kl. 11:
Gudst. Reisæter-Thu

13.07.

5. s. i treeiningstida.

Matt 18,12-18

Ytre Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Fløysvik.

27.07.

7. s. i treeiningstida.

Mark 5,25-34

Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Fløysvik

03.08.

8. s. i treeiningstida.

Mark 12,28-34

Ytre Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste.

10.08.

9. s. i treeiningstida.

Luk 6,36-42

Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Fløysvik

17.08.

10. s. i treeiningstida.

Mark 11,25-26

Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Moen

24.08.

11. s. i treeiningstida.

Joh 8,31-36

Arna kyrkje kl. 11:
Gudsteneste. Moen

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Konfirmantpresentasjon.
Fløysvik.

Velkommen til dåp!

Alle er velkomne til dåp i kyrkjene våre. På heimesida finn du meir informasjon om dåpen og skjema for digital påmelding.

www.kyrkja.no/arna
www.kyrkja.no/ytrearna

Vel fana «dåp», «ny registrering» og kryss av for den kyrkja du ønskjer dåp i, så får du opp ledige datoar. Dersom du ikkje finn noko som passar, kan du kontakta kyrkjekontoret eller ein av prestane direkte.